

## Prosess for innplassering: Kriterium for val av kandidat som skal overførast til ny stilling i VLFK

I dei tilfelle der det er fleire aktuelle arbeidstakarar som kan gjere krav på den same stillinga er det viktig å legge til rette for at valet skal baserast på i forkant klare og saklege kriterium.

Hovedtariffavtalen KS § 3-3 seier at «under ellers like vilkår» skal den med kortast ansiennitet vere den som er overtalig. Dette inneber at òg andre saklege kriterium enn ansiennitet er relevante, så som kompetanse (formell, reell, nøkkelkompetanse, om ein er personleg skikka mv.) og særskilte sosiale forhold.

Det går fram av talet på tilsette i de to fylkesadministrasjonane at arbeidsoppgåver i HFK kan tildelast ein som etterkvart har opparbeidd spesialistkompetanse innan området, medan den tilsette i SFFK som arbeider med same området ikkje får den same djupnekompetansen fordi vedkomande må ha ei større bredde i arbeidsoppgåvene sine. Av omsyn til likebehandling av dei tilsette i dei to fylkeskommunane som skal slåast saman til nye Vestland fylkeskommune vil ein ved val av kandidat sidestille kandidatar med breddekompetanse og dei med spesialistkompetanse.

Det er vidare ei klar føresetnad at dei kriteria ein legg til grunn for slike val deretter vert nytta på ei konsekvent, sakleg og rimeleg måte i den konkrete og skjønsmessige vurderinga i prosessen vidare.

Prioritert liste over aktuelle kriterier for val av kandidat:

1. Under elles like vilkår, vil kvalifikasjonsprinsippet gjelde med formell utdanning og kurs, personleg fagleg dyktighet, relevant arbeidserfaring, arbeidsinnsats og det å vere personleg eigna for den aktuelle stillinga.
2. Alder: I tilfelle der ein vil tilsette den yngste personen fordi denne er best eigna/ kompetent, der den andre tilsette er kvalifisert men er 55 år eller eldre kan ein berre gjennomføre dette dersom ein har vurdert moglege andre aktuelle stillingar som aktuelle for den eldste.
3. Ansiennitet: Det må både vere ei viss ansiennitetsskilnad mellom dei aktuelle kandidatane og dei må ha vore i stillingane ei viss tid for at dette vilkåret skal nyttast.
4. Omsynet til å behalde ei variert samansetting av dei tilsette i den nye organisasjonen med omsyn til alder og kjønn.

Dersom den tilsette viser til sosiale omsyn, så som forhold som tung forsørgingsbyrde, sjukdom/yrkesskade eller at arbeidstakar har fått spesialtilpassa oppgåver, mobilitet, alternative jobbmoglegheiter, graviditet mv., og elles har den naudsynte kompetanse for stillinga, skal dette moment sterkt vektleggjast ved vurdering ved val av kandidat.

(Drøfta i informasjons- og drøftingsmøte i VLFK 1. februar 2019)